



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhb@aol.com

KLASSISK MUSIKK



I år er det førti år sidan dirigenten Carl Høgset stifta koret Grex Vocalis. Foto: Grex Vocalis

Jubilerande kor

Grex Vocalis unner seg eit samlealbum til førtiårsdagen.

WILLIAM BYRD, EDVARD GRIEG, HEINRICH POOS M. FL.:



Grex 40

GREX VOCALIS,
DIR.: CARL HØGSET, QUATTRO 2011

Jamføringar: Byrd:

Brown/The Choir of Clare College, Cambridge (Heritage 2011); Grieg: Bjørkøy/Malmö Kammarkör (Simax 1993)

Stundom har *a capella* kormusikk, det vil seia musikk for kor åleine, ein heilt spesiell verknad. I ei god framføring av god kormusikk er det som om heilt eigne strenger blir rørde i oss, strenger ikkje eingong det prektigaste og mest sofistikerte symfoniorkester får tak i. Eg trur det har med det reine og nære ved koret å gjera, for det er *menneskerøyser* som talar til oss, utan framandgjerung gjennom instrumentering. Musikken treng ikkje vera avansert, for det er langsame skift mellom klåre harmoniar som verkeleg får fram den overtonande himmelske klåren.

REPRESENTATIVT

Grex Vocalis' førtiårsjubileum blir feira med dette dobbeltalbumet der mykje fint frå mange av dei femten innspelingane til koret er representert. Her eit utval:

Av komponisten William Byrd, som levde i England på Shakespeares tid, er *Ave verum corpus* frå plata *Renesansse for kor* (1983) med. Dei særmerkte, men likevel organiske harmoniske vendingane som gjer Byrd så spesiell, blir sungne i lange frasar. Det styrkjer den lineære karakteren i komposisjonen. Likevel høyrer ein at innspelingane er gamale, for somme gonger

sprikjer den klanglege homogeniteten i einskildstemmene.

Frå plata *Norske Stemninger* (1990) er folkevisa *Jeg lagde mig så sildig* i Eyvind Alnæs' arrangement velfrasert, med denne ledige rubatoen dirigent Carl Høgset får så godt til. Og makelaust vakker er den sylvaktige tonen til tenoren Magnus Staveland i Griegs arrangement av *Torø Liti* frå albumet *Edvard Grieg. Choral Music* frå 2007.

DØD I DUR

Heinrich Poos' (fødd 1928) komposisjon *Auferstehn* var for meg den finaste overraskinga på jubileumsplata til Grex Vocalis. Tonesetjinga av den banebrytande tyske 1700-talsdikteren Friedrich Gottlieb Klopstock har alt det gode i kormusikken ved seg. Samverknaden av dei sterke kreftene i poesien og musikken får i stand ei emosjonell springflod, som blir auka av Grex Vocalis' overtonerike samklang.

Klopstocks dikt fortel oss venleg smilande at me ikkje treng ottast for grava, for særleg lenge vil me ikkje måtta slumra før Herren kjem og vekkjer oss, og me aldri vil bli trøytt att. Klopstock talar til Gud i «du-form», han vender seg til Han i ei barnleg tru, heilt fri for tvil. Denne herleg sorglause 1700-talsoptimismen komponerer Heinrich Poos ut med ein langsam harmonisk puls og lettfattelege harmoniar.

Dette er musikk om døden som går i dur. I sitt slag mellom det finaste eg har høyr.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmeldar for Dag og Tid.

Standardinnspelinga:

Storveges

Berlioz spela av yndlingsorkestret hans.

HECTOR BERLIOZ, WOLFGANG AMADEUS MOZART:

Te Deum, Kyrie

SÄCHSISCHE STAATSKAPELLE DRESDEN, CHOR DER SÄCHSISCHEN STAATSOOPER DRESDEN,



DIR.: SIR COLIN DAVIS. PROFIL 1996

Alt frå dei fyrste taktane av høyrer me kor vulgær gigantomanien hans var. Men òg kor kompromisslaust sjølvstendig og sjølvstikker han tedde seg. For det er noko – som trønderane seier – «styggfint» med måten Hector Berlioz løyser ut alle stridskrefte i symfoniorkestret. Noko imponerende i måten han kjenner kva-

litetane til dei einskilde instrumenteiningane og veit å setja dei inn der dei har mest gjennomslagskraft. Komponisten er som ein dugande general som har vore på slagmarka sjølv og difor veit korleis han skal kommandera troppane.

Berlioz' *Te Deum*, op. 22, som blei påbyrta i 1847, var opphavleg komponert som hylingsverk for Napoleon I. Her blir det spela av Sächsische Staatskapelle Dresden, i eit opptak frå Krosskyrkja i Dresden i 1998. Dette var året då orkestret feira 450-årsjubileet sitt, og til dette høvet hadde dei invitert æresdirigenten sin, Sir Colin Davis frå England. Han fekk dirigera to av yndlingskomponistane sine: Mozart og Berlioz.



«Ein dugande general»: samtidig karikatur av den franske komponisten Hector Berlioz (1803–1869) som dirigent.

Mozart er representert på CD-en med *Kyrie i d-moll*, KV 341. Ingen særleg prestasjon, for det store orkestret og koret gjer Mozart massiv og sakteflytande.

Men til Berlioz' *Te Deum* er Sächsische Staatskapelle Dresden nett høveleg: I *Christe, Rex Gloriam* får han den polyfone korsatsen til å dansa, og fiolinane gjev trass i den veldige forte-n nett nok til at

dei ikkje «vregjer» seg klangmessig, men kling varmt og velintonert. Eg er sikker på at Berlioz ville vore like nøgd som då han i 1854 skreiv heim etter å ha dirigert dette orkestret: «Når det gjeld Dresden og dei fire konsertane eg gav der, kan eg berre seia at eg er omtåka av lukke. Aldri i mitt liv var eg på ein liknande fest, heller ikkje opplevde eg ei slik framføring.»

Spentig om sigøynarar



JOHANNES BRAHMS, FRANZ SCHUBERT:

Im Herbst

DET NORSKE SOLISTKOR, DIR.: GRETE PEDERSEN. BIS 2011

Om nokon nemner stikkorda «Brahms» og «kor», vil vel mange koma i hug *Ein deutsches Requiem*, eit mektig og alvorsamt meisterverk. Men Johannes Brahms (1833–1897) komponerte òg lystige korsaker, som *Zigeunerlieder*, op. 103. Dette er ungarske folkeviser omsette til tysk, tonesett i friske danserytmar og med kjekke harmoniar, slik me kjenner dei frå komponistens *Ungarske dansar*. Tolkinga til dirigenten Grete Pedersen og Det Norske Solistkor er ulasteleg; ensemblet har liksom alle kvalitetane ved ei solistisk korbesetning, med sylkvass konsonantpresisjon. Dei unge røystene er lyse og spentige, samstundes eig ensemblet intensiteten og dynamikken til eit verkeleg stort kor.



Den franske pianisten Hélène Grimaud. På denne plata spelar ho for sakte. Foto: Wikimedia

Slapp sicilianar



WOLFGANG AMADEUS MOZART:

Klaverkonsertar

HÉLÈNE GRIMAUD, KLAVER, KAMMERORCHESTER DES SYMPHONIEORCHESTERS

DES BAYRISCHEN RUNDFUNKS, DIR.: RADOSLAW SZULC. DEUTSCHE GRAMMOPHON 2011

Adagio-en frå A-durkonserten, KV 488, er nok det mest kjende stykket på Hélène Grimauds fyrste innspeling med Mozarts klaverkonsertar. Han går i f-moll, som ein samtidig musikkteoretikar omtalar som «ein dyster tone, han riv i sjela som ein bitande hund i kleda». Men Grimauds hund er lite mannevond, for ho spelar så sakte! *Adagio*-en er laga etter mønster av ein *siciliano*, ein siciliansk folkedans, men jamvel om han er trist, skal han ikkje vera dvelande. Det at pianisten av ein eller annan grunn jamvel har valt å byta ut Mozarts superbe solokadens i fyrste sats med eit fleskete 1800-talsprodukt, er så uforståeleg at denne innspelingane ikkje kan tilråast. Leitt, for det bayerske kringkastingsorkestret spelar framifrå.



Det Norske Solistkor. Her i garderoben. Foto: Anniken C. Mohr